

## Saksprotokoll i fylkestinget - 13.12.2016

**Christer Lilleskare Olsen (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune held fram med dagens karakterstyrte inntaksmodell.
2. Det vert presisert i lokal inntaksforskrift at elevar som får uforholdsmessig lang reiseveg, kan vurderast skjønsmessig i forhold til inntak på nærskulen.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å endra lokal inntaksforskrift i tråd med punkt 2. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til Utval for opplæring og helse i januar 2017.»

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ber om at utval for opplæring og helse vert gitt ei orientering kring retningslinjer og oppfølging i høve søknadsskjemaet og opplæring i dette med omsyn til saksframlegget.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget er ikkje nøgd med saksframlegget, og ber om å få utgreidd saka på nytt, der nærskuleprinsippet framfor det karakterbasert inntak blir lagt til grunn.»

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Kollbotn sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

**Røysting** (saka)

Olsen sitt forslag fekk 22 røyster (H, Frp, V) og fall.

Innstillinga fekk 34 røyster (A, KrF, Sp, SV, MDG) og vart vedteke.

Angeltveit sitt forslag fekk 33 røyster (H, Frp, KrF, V, MDG, SV, R) og vart vedteke.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.
- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.

Fylkestinget ber om at utval for opplæring og helse vert gitt ei orientering kring retningslinjer og oppfølging i høve søknadsskjemaet og opplæring i dette med omsyn til saksframlegget.